

**VEDTEKTER  
FOR  
ØRSKOG SPAREBANK**

**Kap. 1.           Firma           Kontorkommune           Formål**

**§ 1-1**

Ørskog Sparebank er skipa 10. april 1855.  
Sparebanken skal ha sitt sete i Ørskog kommune.

Sparebanken har til formål å fremje sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemt krins av innskytarar og å forvalte på trygg måte den midelen han rår over i samsvar med dei lover som gjeld for sparebankar.

Sparebanken kan utføre alle vanlege bankforretningar og banktenester i samsvar med føresegna i sparebanklova. Skiparar eller andre har ikkje rett til utbytte av verksemda.

**Kap. 2.           Grunnfondet.**

**§ 2-1**

Sparebankens opphavlege grunnfond 277 dalar og 9 skilling var ytt av Ørskog Kornmagasin.  
Grunnfondet skal ikkje tilbakebetalast.

**Kap. 3.           Forstandarskap.**

**§ 3-1**

Sparebankens forstandarskap skal sjå til at banken verkar etter formålet sitt i samsvar med lov, vedtekter og vedtak i forstandarskapet.

Forstandarskapet skal samansettjast slik:

Innskytarane vel 8 forstandarar og 4 varamedlemar og kommunestyret vel 4 forstandarar og 2 varamedlem. Dei tilsette i banken vel mellom dei tilsette ein fjerdedel av medlemene i av forstandarskapet. Er talet på medlemmer deleleg med fire, skal minst ein fjerdedel av medlemene og varamedlemene veljast av dei tilsette. Føresegna i dette stykket må likevel ikkje føre til at meir enn ein fjerdedel av dei tilsette vert med i forstandarskapet, jfr sparebanklova § 8 andre stykket. Det skal veljast 2 varamedlemer. For valet gjeld reglar fastsette av Kongen, og valet må være halde innan utgangen av januar.

Medlemene av forstandarskapet skal veljast for 4 år.

Varamedlemer valde av innskytarane skal veljast for 1 år.

Varamedlemer valde av dei tilsette skal veljast for 2 år.

Varamedlemer valde av kommunestyret og fylket, skal veljast for 4 år.

**§ 3-2**

Dei innskytarane som har i dei siste 6 månadene har hatt eit innskot i banken på minst 500 kroner, vel kvart år 2 medlemmer og 4 varamedlemer. Berre myndige person kan, som personlege innskytar eller som representant for annan innskytar, røyste ved valet.

Ingen har meir enn 2 røyster, ei på grunnlag av eige innskot og ei som representant for annan innskytar.

Innskytarvalet i Ørskog kommune skal haldast på valdagane. Det skal haldast val i desse valdistrikta: Ørskog etter reglar fastsette av Finansdepartementet.

Til forstandarar og varamedlemar kan innskytarane berre velje myndige personlege innskytarar som har røysterett etter første stykket, jfr § 8 a i sparebanklova.

Val etter denne paragrafen må haldast innan utgangen av april.

Av dei innskytarvalde forstandarane som er valde ved det første valet får ein fjerdedel ut etter loddtrekning kvart av dei tre første åra, og deretter dei som har gjort teneste lengst.

Valkomiteen utfører loddtrekninga. Medlemmer som går ut kan attveljast, men jamfør likevel kap. 10.

#### **Kap. 4. Kontrollkomite**

##### **§ 4-1**

Forstandarskapet vel annankvart år ein kontrollkomite med 3 medlemmer og 1 varamedlem. Ein medlem av komiteen skal fylle dei krav som stiller til ein domar etter lov av 13. august 1915 nr 5 om domstolane § 54 andre ledd.

Formann og nestformann blir valde av forstandarskapet ved særskilt val.

#### **Kap. 5. Styret**

##### **§ 5-1**

Styret er på 5 medlemmar. Av desse er 4 medlemmar og 3 varamedlemar valde av forstandarskapet, eit medlem og eit varamedlem valt av dei tilsette.

Formann og nestformann skal veljast av forstandarskapet ved særskilt val.

Ein av styremedlemane veljast mellom dei tilsette av dei tilsette. Ingen som er tilsett i banken kan veljast som formann eller nestformann. Alle valde medlemmer skal veljast for 2 år og varamedlemar for 1 år.

Av dei valde styremedlemane frå forstandarskapet, er halvparten på val kvart år. Etter første året går 2 medlemmar ut ved loddtrekking som forstandarskapet utfører.

Medlemmar og varamedlemar som går ut kan attveljast, men jfr kap 10.

##### **§ 5-2**

Formannen kallar saman styret til møte så ofte verksemda tilseier det, eller når ein styremedlem krev det.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stades. Til lovleg vedtak krevst at minst 3 medlemmer er til stades. Til lovleg vedtak krevst at minst 3 medlemmer har røysta for det.

Står røystene likt, gjer formanns- eller møtestyrar-røysta utslaget.

Møteboka til styret skal skrivast under av dei medlemmene som er på møtet. Dei står saman om ansvaret for vedtaket, dersom ikkje noko av dei har ført sin protest inn i møteboka.

##### **§ 5-3**

Styret står føre sparebankverksemda i samsvar med lov, vedtekter og nærare føresegner som forstandarskapet gjev.

Styret har ansvar for at den midelen sparebanken rår over, vert styrt på trygg og formålstenleg måte.

Styret skal syte for tilfredsstillande organisasjon av bankverksemda og har skyldnad til å sjå til at bokføring og formuesforvaltning vert kontrollert på trygg måte.

Styret fastset reglement for låneløyving i banken. Av reglement skal det gå fram korleis andre enn styret kan løyve lån, garantiar og diskontere forretningspapir. Styret fastset dei nærmare vilkåra for lån og for mottak og utbetaling av innskot i samsvar med føresegner som måtte vere fastsette av Kredittilsynet. Banksjefen eller to andre styresmenn i lag representerer sparebanken og bind han ved underskrifta si. Styret kan gje prokura eller spesialfullmakt. Styret kan fastsetje instruks for den daglege leiinga av sparebanken og kan peke ut banksjefen sin stedfortreder.

#### § 5-4

Banksjefen står føre den daglege leiinga av sparebanken og skal følgje den instruks og dei pålegg styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje avgjerdslar som etter tilhøva for banken er uvanlege eller har mykje å seie.

Banksjefen skal syte for at bokføringa er i samsvar med lov og føresegner og at formuesforvaltninga er ordna på trygg måte.

### **Kap. 6. Valkomite**

#### § 6-1

Forstandarskapet vel ein valkomite blant forstandarskapet sine medlemmer. Valkomiteen skal bestå av 3 medlemmer og 3 varamedlemmer og ha representantar frå alle grupper som er representert i forstandarskapet. Valet gjeld for to år om gangen. Kvart år uttrer den/de som har gjort teneste lengst, første gang trer ut 2 medlemmer etter loddtrekning. Loddtrekninga utførast av valkomiteen.

Valkomiteen skal førebu val av formann og nestformann i forstandarskapet, formann, nestformann og andre medlemmar og varamedlemmar av styret, eksklusive representanten for den tilsette i styret, kontrollkomiteen sin formann og nestformann, medlemmar og varamedlemmar.

#### § 6-2

Dei innskytarvalde skal velje ein valkomite.

Komiteen skal ha 3 medlemmer og to varamedlemmer. Valet gjeld for to år om gongen. Kvart år går den/dei ut som har gjort teneste lengst, første gong etter loddtrekning. Komiteen held loddtrekninga.

Valkomiteen skal førebu innskytarvalet av forstandarar med varamedlemmer og valet av medlemmer og varamedlemmer til valkomiteen som nemnd i denne paragrafen.

### **Kap. 7. Årsoppgjeret**

#### § 7-1

Styret skal syte for at årsoppgjeret (resultatrekneskap, balanse og styrets årsmelding) vert lagt fram for revisor og kontrollkomiteen. Årsoppgjeret skal så langt det er mogleg vere avslutta og ferdig til revisjon innan utgangen av januar. Når revisor har lagt fram meldinga si jfr § 38 i sparebanklova, og kontrollkomiteen har gjeve meldinga si og der uttala seg om resultatrekneskapen og balansen bør fastsetjast som bankens rekneskap, jfr § 13, sjuande stykket i sparebanklova, skal styret sende årsoppgjeret, revisjonsmeldinga og meldinga frå kontrollkomiteen til alle forstandarane innan 8 dagar før det forstandarskapsmøte som har føre seg årsrekneskapen.

Forstandarskapet kjem saman kvart år i samsvar med § 11, første stykket pkt b) i sparebanklova for å ta i mot årsmeldinga frå styret, revisjonsmeldinga og meldinga frå kontrollkomiteen, og for å fastsetje bankens rekneskap.

**Kap. 8. Revisjonen**

**§ 8-1**

Forstandarane vel revisor og fastset godtgjersla hans. Sluttar revisor, kan formannen i forstandarskapet saman med kontrollkomiteen velje ein ny revisor, som gjer teneste til neste forstandarskapsmøte der endeleg val vert gjort.

Revisor skal granske sparebankens årsoppgjer og rekneskap og sparebankverksemda elles i samsvar med lov, forskrifter gitt i medhald av lov, vedtekter og eventuelle pålegg frå forstandarskapet.

**Kap. 9. Overskot.**

**§ 9-1**

Overskotet av bankverksemda skal leggjast til sparebankfondet. Gåver kan løyvast i samsvar med § 28 i sparebanklova.

**Kap. 10. Tenestetid. Aldersgrense**

**§ 10-1**

Ein valt medlem av eller formann for forstandarskapet eller kontrollkomiteen eller styret kan ikkje ha tillitsvervet i eit samanhengande tidsrom lenger enn 12 år eller ha desse tillitsverva i eit lenger tidsrom enn 20 år. Ein person kan ikkje veljast eller atveljast til eit av desse verva dersom han på grunn av føresegna i førre punktet ikkje kan sitje valbolken ut.

**§ 10-2**

Høgste aldersgrense for banksjef og andre fast tilsette tenestemenn er 70 år.

**Kap. 11. Vedtektsendringar**

**§ 11-1**

Endring av desse vedtektene kan vedtakast av forstandarskapet etter framlegg i eit tidlegare møte. Til gyldig vedtak krevst minst to tredjepartar av røystene frå dei som er til stades, og minst halvparten av forstandarskapet må ha røysta for.

Vedtaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent av Kongen.

**§ 11-2**

Desse vedtektene tek til å gjelde når dei er godkjende i samsvar med siste punktum i § 5 i sparebanklova. Frå same tid fell banken noverande vedtekter bort, fastsett av Bankinspeksjonen 22. juni 1978, og seinare endringar godkjent av Bankinspeksjonen 28. november 1983 og 28. desember 1983 og av Kredittilsynet 23. januar 1992, 11. januar 1993, 13. mai 2004 og 14. mars 2005.

Desse vedtektene er vedtekne av forstandarskapet for Ørskog Sparebank i møte 28. februar 2007.